

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Påskedag – 08. april 2012

Preiketekst: Matt 28,1-10

Lesetekst I: Jes 52,7-10

Lesetekst II: Rom 14,7-9

Festdag med både redsle og jublende glede

Oppstoda som historie

Oppstoda frå dei døde er sentral i kristen/messiansk tru. Om Messias/Kristus ikkje har "stått opp, er bodskapen vår tom, og tom er òg trua dykkar. Då står vi som falske vitne om Gud." (1 Kor 15,14-15) Kva er det dei første vitna påstår at dei såg? Kvinnene såg (minst) ein engel, at grava var tom, dei snakka med den oppstadne Jesus Messias/Kristus og tok om føtene hans.

Både tilhengjarar og motstandarar av Jesus er samde om at grava var tom. Liket var borte. Ingen klarte å finna det. Tilhengjarane av Jesus påstod etter ei tid at han var levande.

Møtet mellom kvinnene og Jesus, fortel oss at oppstoda ikkje er å forstå som ei "åndeleg, ikkje-materiell oppstode", sidan dei tok om føtene til Jesus. Påstanden er at Jesus blei levande med kroppen sin (sml Luk 24,42-43).

For den som vil studera og preika litt meir grundig over dei apologetiske argumenta for at oppstoda til Jesus er fysisk og historisk å forstå, viser eg til følgjande bøker:

* "Dagen da døden døde" av Michael Green, ei kortfatta og enkel bok.

* "Who moved the stone?" av Frank Morrison, som då han starta arbeidet med å skriva boka, ikkje trudde at oppstoda hadde skjedd, men som etterpå trudde.

* "Kristen med god grunn" kapittel 8 av Stefan Gustavsson. Ein pedagogisk og ryddig oversikt over grunnane til kvifor vi kan stola på at Jesus faktisk lever.

Gud viser seg – epifani

Sjølv om ordet "glade" står i preiketeksten (v.8), så er gledesutbrota denne dagen hovudsakleg å finna i teksten frå Jesaja. Preiketeksten frå Matteus er prega av (implisitt) sorg (v.1), skjelving av redsle (v.4) og redsle (både v.5, v.8 og v.19). Forteljningane i dei andre evangelia er òg prega av redsle og forvirring.

Første påskedag er i kyrkjeåret den store festdagen over alle, med kvit liturgisk festfarge. Korleis skal vi då på ein festdag preika over ein tekst som er meir prega av frykt og skjelving enn av glede?

Sannsynlegvis er det berre vi (post)moderne menneske som spontant ser frykt og glede som motsetjingar. Kyrkjehistorisk har ein ofte sagt at Guds nærvær er "tremendum et fascinorum", det vil seia noko som ein til same tid er redd for og tiltrekt av. Dette poenget har gode belegg, både frå GT og NT, til dømes Jakobs draum i Betel (1 Mos 28,16-17), Moses og den brennande busken (2 Mos 3,1-6), paktsslutninga ved Sinai (2 Mos 19-20,21; særleg 20,18-21 og 5 Mos 4,9-14) og epifanibøna i Hab 3. Frå NT: Då Maria får besøk av engelen (Luk 1,28-30), englane viser seg utanfor Betlehem (Luk 2,9-10), og på fjellet (Matt 17,6-7). Etter oppstoda: Bønemøtet i Jerusalem (Apg 4,23-31), omvendinga til Saulus (Apg 9,3-9) og på Patmos (Op 1,12-18).

Sjølv i den nye pakt, sjølv på påskedag, er Gud Skaparen og mennesket skapning (sml Rom 1,25). Forskjellen mellom Skapar og skapt er prinsipiell og vil halda fram heile æva òg. Skapte menneske, om dei er aldri så forsonte, vaska og syndefrie, må alltid bøya seg for Gud, den evige (1 Tim 1,17; Op 7,11-12).

Derimot medfører oppstoda til Jesus (saman med at Den Heilage Ande blei gitt på pinsedag) ein forskjell i måten vi kan møte Gud på: Kopla saman med Jesus i dåp og nattverd, og ved trua, kan vi til og med "få del i guddommeleg natur" (2 Pet 1,4).

Oppstoda er endå eit skritt på Guds veg for å gjenskapa verda, då Gud skal vera konge (Jes 52,7), då Gud vender attende til Sion (Jes 52,8) og viser sin heilage arm for folkeslaga slik at heile jorda får sjå frelsa frå vår Gud (Jes 52,10).

Ein viktig bodskap i evangelieteksten er at Gud og Guds stråleglans, som er så sterk at vi menneske må bøya oss, likevel kom for å lysa opp slik at vi ikkje treng vera redde, men får vera nær, ta på og sjå på, han som sigra over døden. Slik gir det god meining at kvinnene ved grava var både redde og jublande glade. Redsla blir omvandla frå ei redsle som flyktar bort, til ein respekt og ærefrykt som lever fint saman med den jublande gleda.

Israels festar – førstegrøda

Mens det som skjedde med Jesus fram til og med gravleggjinga, er knytta til den jødiske påskefesten (Pesach), er oppstoda knytta til ei høgtid som heiter "Førstegrøda" (3 Mos 23,9-14), som blei feira "dagen etter sabbaten" (3 Mos 23,11), det vil seia på den første dagen i veka, då Jesus stod opp frå dei døde (Matt 28,1).

I 1 Kor 15,20-28 står det om korleis førstegrødefesten høyrer saman med oppstoda til Jesus, og dette blir knytta dette saman med utsegnet om at Gud skal vera konge (sml dagens lesetekst Jes 52,7).

Korleis kan vi forstå oppstoda til Jesus? Korleis kunne apostlane hevda at Jesus var Messias som skulle bringa messianske tilstandar til jorda (til dømes dagens lesetekst frå Jesaja 52), sjølv om alle og einkvar veit følgjande ikkje er oppfylt? " Dei skal smi sverda om til plogskjer og spyda til vingardsknivar. Folk skal ikkje lyfta sverd mot folk, ikkje lenger lærast opp til krig." (Jes 2,4b) Krigens tidsalder er ikkje slutt.

Når apostlane skal fortelja om kva dei har vore med på, er det typisk at oppstoda til Jesus heng tett saman med at Jesus skal koma tilbake og resten av dei som tilhøyrer Jesus, skal stå opp. Døme: Apg 3,15.21; Apg 17,31; Ef 1,13-14; 1 Tess 1,9-10. Likeså fullt som førstegrødefesten og pinsen blir fulgt av den fulle innhaustinga på Lauvhyttefesten, så heng oppstoda til Jesus saman med at han skal koma tilbake og det skal bli full innhausting.

Oppstoda til Jesus markerer eit skilje for korleis dei rundt han såg på han. Før oppstoda står det ikkje noko om tilbeding, men vel etterpå (Matt 28,9). I Romarbrevet seier Paulus at den guddommelege identiteten til Jesus blei stadfesta, det vil seia blei openberra ved oppstoda: "stadfest ved heilagdoms Ande som Guds mektige Son ved oppstoda frå dei døde" (Rom 1, 4).

Jødar har i lang tid motsagt at Jesus skulle vera Messias nettopp fordi dei messianske tilstandane ikkje kom ved Jesus. Jøden Trypho sa det til Justin Martyr ca år 130. Og i boka "In the Shadow of the Temple" s. 301ff, refererer Oskar Skarsaune frå boka "Jews and Jewish Christianity" (1978) av Berger og Wyschogrod, at den jødiske innvendinga til kvifor ikkje Jesus kan vera Messias, er den same som den alltid har vore: dei messianske profetiane er ikkje synleg oppfylte enda.

Svaret NT gir på dette spørsmålet, er at vi ikkje kan forstå Jesus som Messias utan å ta høgde for at Jesus skal koma tilbake. Førstegrøda må ha ei fortsetjing, elles blir det ikkje førstegrøde.

Viss vi derimot er like nøye som apostlane til å understreka at oppstoda barre er første del i eit langt drama, gir det djup meining å lesa leseteksten frå Jes 52 på påskedag: Profetien i Jesaja er på veg til å oppfyllast. Guds lovnader ved hans Messias er å forstå som "Israels von" (Apg 28,20).

Liv og livskraft

Mange, sannsynlegvis dei fleste, av lovene i Torah (Moselova) som verkar rare for oss, gir meining dersom vi forstår dei som at dei vitnar om liv. Livet er heilagt, mens alt som minnar om død, sjukdom eller inneber ein risiko for reduksjon av liv, er ureint.

Frå Livets tre i hagen og død som ein konsekvens av ulydnad, held det fram med mange detaljerte reguleringar om ikkje å ta på lik (4 Mos 19,11 og til dømes Jacob Milgrom sin tjukke kommentar til 3 Mosebok). Heile offerinstitusjonen i tempelet i Jerusalem skal forståast som at nokon må betala for å retta opp igjen livet.

All livsglede i leseteksten frå til dømes Jes 52 er å forstå på bakgrunn av alle reguleringar for kva som gjer urein – alt som liknar på død. Det er derfor Jesus helbreda så mange sjuke – han var for livet.

På påskedag vann livet. "Hald boda og de skal leva", er ein sakssvarande måte å oppsummera Moselova på, til dømes 5 Mos 30,11-20. Nokre prøvde å halda boda, mens andre ikkje prøvde, men likevel døydde alle, i alle fall etterkvart (sml Rom 5,12-14). Etterkvart kom han som ikkje berre levde opp igjen, men som blei levande på ein slik kraftig måte at dei som var i nærleiken blei så sjokkerte at dei anten berre blei redde (vaktene), eller blei både redde og jublande glade samtidig (kvinnene).

Israel og folkeslaga

Dei første som møtte Jesus etter oppstoda, var jødar, og dei første som trudde på Jesus, var jødar. NT held fast på at Jesus først og fremst kom for å vera trufast mot folket sitt og lovnadene sine. Jesus kom for å tena folket sitt: "For det seier eg dykk: Kristus vart ein tenar for dei omskorne for å visa at Gud talar sant, og for å stadfesta dei lovnader som fedrane fekk, men òg for at heidningfolka skal prisa Gud for hans miskunn, som det står skrive: Difor vil eg prisa deg mellom folka og lovsyngja ditt namn." (Rom 15,8-9) Det er først etter at Jesus kom til det jødiske folk som deira Messias, at vi andre av heidningeætt kjem inn i biletet. Vi er invitert i etterkant.

Det er i dette perspektivet vi skal lesa leseteksten frå Rom 14. Jesustruande jødar og jesustruande av heidningeætt hadde utfordringar ved å leva i fellesskap i same kyrkjelyd i Roma. Bodskapen i leseteksten frå Rom 14 er at når vi er kopla saman med Jesus, så høyrer vi han til, han er Herre over alt. Jesustruande av jødisk ætt og jesustruande av heidningeætt skal ikkje sjå ned på kvarandre, men leva saman med sin Herre som lever.

Som menneske av hedningeætt som er døypte og trur på Jesus Messias, er det viktig å stadig hugsa på at vi fekk heile trua frå det jødiske folket. Kvinnene ved grava var jødar, og apostlane var òg jødar. Og framfor alt: Jesus kan berre vera vår Messias og Frelsar i den grad han er jødanes Messias.

Den kristne kyrkja er dei som er døypte og trur, jødar og heidningar i fellesskap. Ideelt skulle kvar lokal kyrkjelyd vera samansett både av menneske av jødisk ætt og av heidningeætt. Det ville vera ei påminning om nåden: Vi som er av heidningeætt, kom med og fekk tilhøyra den oppstadne Jesus av nåde, fordi vi høyrde i utgangspunktet ikkje til her (Ef 2,12). På same måte vil dei av jødisk ætt oppleve at sjølv om dei i utgangspunktet "høyrde til" pga utveljinga, så tok Gud imot òg dei andre, dei som ikkje høyrde til, av nåde.

I den grad den kristne kyrkja - ofte i nasjonal- og/eller folkekyrkjeleg form – lever sitt eige liv utan kontakt med jesustruande av jødisk ætt (vanleg situasjon i Europa og i Midtøsten), risikerer den kristne identiteten å forma seg som "vår familie- og folkeidentitet", og som dermed risikerer at gleda over å vera med i Guds store frelsesplan, i beste fall ikkje blir like sentral lenger, og i verste fall har reine heidningekristne folkefellesskap gitt opphav til pogromer retta mot jødar fordi dei ikkje var "som alle vi andre". Risikoen i kyrkjesamfunn og i kyrkjelydar som "gløymer" at kyrkja består av menneske både frå jødisk og heidningeætt, er at det fort blir meir "vår tradisjon og vår identitet" og mindre "anten vi lever eller døyr, høyrer vi Herren til". Det å få lov til å tilhøyra Jesus Messias, han som gjekk levande ut frå grava som ei førstegrøde av noko det skal bli meir av, det er først og fremst ei gåve, ein nåde og eit frelseshistorisk drama, og ikkje ein kulturell identitet.

Den delen av det frelseshistoriske dramaet som vi framleis ventar på, og som skal skje ved Jesus Messias, er ingen liten sak: "For Herren trøystar folket sitt, han løyser Jerusalem ut. Herren viser sin heilage arm for auga på alle folkeslag. Heile jorda får sjå frelsa frå vår Gud." (Jes 52,9b-10)

Andreas Johansson

Stedleg representant i Israel for Den Norske Israelsmisjon

ncmi.israel.representative@gmail.com